

---

**Fra:** Arne Magnar Kvamme <arne@kvamme-gard.no>  
**Sendt:** mandag 27. august 2018 16:13  
**Til:** Ståle Juvik Hauge; Jørgen Herland; Bent Risøy; Malin Helene Knudsen; Sæbjørg Hageberg Kjekka; Ingrid Fjeldsbø; Karl Vågstøl; Andreas Dyngen; Gro Anita Høgquist; Hogne Brunborg  
**Kopi:** Postmottak Lindås; 'Rune Kristoffersen'  
**Emne:** Vedr. sak 101/18 - Plan og miljøutvalet

Til  
Plan- og miljø-utvalet  
Lindås kommune

Gjeld sak 101/18 til møte 29/08/2018, arkivid 18/1348

Viser til samtale med dei av medlemene eg har nådd fram til på telefon.

Det har ikkje lukkast å få kontakt med sakshandsamar, men fekk samtale med avd.leiar Siril Sylta i dag. Ho rådde då til at me kunne skrive ei orientering til utvalet.

Grunnen til at me tek direkte kontakt, er først og fremst fordi me meiner at samanhengen i saka og i grunngevinga for søknaden ikkje kjem fram i saksbehandlinga eller i klagesaksbehandlinga. Dette trur me går klart fram av innleiinga og pkt 1 i klagen vår.

Difor er ærendet vårt her først og fremst å be om at Plan og miljøutvalet set seg inn i og ser søknaden, avslagsvedtaket og klagen vår i heilskap.

Vidare inneheld saksutgreiinga i klagesaka fleire uttalar som er stekrt misvisande, og til dels objektivt feil. For å vere konkret, tek me med nokre sitat frå saksutgreiinga og knyter våre merknader til det:

#### **«Saka gjeld**

*Saka gjeld søknad om dispensasjon for frådelling av ny bustadtomt og tilbakeføring av gbnr 142/9 til hovudbruket på gbnr 142/3.*

*Garden er gjennom eit generasjonsskifte, der yngre generasjon no skal overta drifta. På garden er det i dag ei kårbustad. Eit familiemedlem har ei tinglyst bu- og disposisjonsrett til denne bustaden, og den kan difor ikkje nyttast av eigarane av garden. Noverande eigarar 1) ynskjer difor å skilje ut ei ny eigedom for å etablere eit bustadhus. Vidare er det ynskje om å tilbakeføre eigedom gbnr 142/9 til hovudbruket som eit makebyte. På gbnr 142/9 er det i dag ei bustad som tidligare har vore nytta som heilårsbustad. Denne er i våre registre registrert som fritidsbustad. Tiltakshavar har opplyst om at bygningen på gbnr 142/9 ikkje er i tilfredstillande stand slik den er i dag, og det difor ikkje er aktuelt å byggje på og nytta denne 2) som bustad. Vidare vert det vurdert av tiltakshavar at dette ville kunne få negative konsekvensar for vidare drift av garden og fjerne naudsynt jordbruksareal.*

Vår merknad:

1. Me har ikkje brukt mor sin burett som argument for å få skilje ut ny tomt.
2. Opplysningane og argumenta me legg fram i søknad og i klage, samsvarar ikkje med det som her er beskrive. Tvert imot er det utnyttinga av denne tomten som legg hinder i vegen for neste generasjon sine behov for drifta på 142/3, og som såleis er bakgrunn for å søkja om å «flytte» bustadtomta.

Det var også denne problemstillinga som var hovudtema i førehandskonferansen, men som altså ikkje har kome fram i den vidare sakshandsaminga.

Vidare:

*Sjølv om det i denne saka er snakk om ei frådelling til dagens eigar av garden og at ei ny bustadeigedom framleis vil vere sterkt knytt til drifta av garden, skal administrasjonen også sjå i eit lengre perspektiv, og kva verknad det kan få i framtida for område og*

landbrukseigedomen. **Eigedomen vert fritt omsetteleg som ei bustadtomt tett opp til** 3)

**landbrukseigedomen.** Vurderinga administrasjonen gjorde i avslaget står difor ved lag.

I avslaget vart det vist til at det i nærleiken er sett av eit større område i kommuneplanen for bustadbygging.

I klage **vert det lagt vekt på at det er eit behov for å skilje frå ei bustadeigedom tett opp til** 4)

**garden for å kunne hjelpe til med den daglege drifta av garden.**

I prinsippet vert dette som ei kårbustad i bruken sjølv om det er ei sjølvstendig bustadtomt.

Administrasjonen **kan ikkje sjå at dette behovet er dokumentert i søknaden,** og syner 5)

samstundes til at bustadenfeltet ligg geografisk i nærleiken og kan slik sett vege opp for behovet til bustad ved sjølve garden.

Vår merknad:

3. Momentet er for så vidt rett, men det er vanskeleg å forstå relevansen her, all den tid 142/9 pr i dag er ei sjølvstendig bustadtomt, og for så vidt «fritt omsetteleg». (Det er ei klar linje av grunngevingar for kvifor denne tomte ikkje er «fritt omsett» for lengst.) Ved å gi dispensasjon for ny bustadtomt som omsøkt, - og saman med at 142/9 så vert tilbakeført til hovudbruket – vil det ikkje verta etablert noko fleire fritt omsettelege eigedommar enn det er i dag. Snarare meiner me at det vil sterkt betre situasjonen for hovudbruket. Syner elles til presiseringa i klagen.
4. Vårt argument om å kunne bu på/nær garden er eit av fleire me har lista opp i søknaden som «relevante moment». Det handlar om identitet, røter og ein livslang livsstil også, og er truleg lett å forstå for dei fleste. Difor prøvde me i utgangspunktet å byggje ut/om huset på 142/9, men som altså viser seg å leggje varige hinder for neste eigar. Såleis vert framstillinga i saksutgreiinga etter vår meining misvisande.
5. I førehandskonferansen fekk me råd om å leggje ved dokumentasjon i form av skriftlege avtalar om leige av jord som relevant for å vurdere omfanget av gardsdrifta. Det har me stilt til disposisjon (gjeld dei tre nabobruka me i dag disponerer), og har påpeika at gardsdrifta har auka. Då vert administrasjonen sitt argument vanskeleg å forstå – sidan det var denne dokumentasjonen me vart rådde til å leggje ved søknaden.

Dersom Plan og miljøvalet ut frå situasjonen framleis er i tvil om grunngevinga, eller om vilkåra for å gi dispensasjon og løyve som omsøkt er oppfylte, ber me om at saka vert utsett til neste møte slik at me gjennom dialog med administrasjonen kan få klargjere saksinnhaldet.

Forøvrig synest det å prege saka lite kva det betyr menneskeleg sett å drive gard heile livet – og så på eit vis verte «tvinga» til å flytte derfrå når ein pensjonerer seg! Men me håpar det er eit sakleg argument i Lindås kommune, der draumar blir røyndom!

Med helsing  
Reidun og Arne Magnar Kvamme  
Kvamsvegen 17  
5911 Alversund  
Tlf 47460969